

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019



DEN NORSKE KYRKJA

Årsmelding for Sveio sokn, 2019

Sveio sokneråd.

Adresse:

Steinhaugvegen 10 – Soknehuset

Postboks 65, 5559 Sveio.
kyrkja@sveio.kommune.no

Telefon 5374 8420

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

Innhald

| | |
|---------|---|
| Side 3 | Innleiing |
| Side 5 | Aktivitetar for barn og unge i Sveio sokn 2019. |
| Side 17 | Økonomi |
| Side 17 | Kommentarar |
| Side 18 | Avslutning |
| Side 19 | Godkjent rekneskap for Sveio sokn 2019 |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

A. Innleiing

Årsmeldinga og rekneskapen for Sveio sokn er til orientering for Årsmøtet i Sveio sokn. Årsmeldinga og rekneskapen er godkjend i Sveio sokneråd sitt møte 12. februar 2020.

Det nye Soknerådet 2019-2023 har redigert Årsmeldinga for 2019 med bidrag frå kyrkelydspedagog Haldis Rolfsnes Stueland, sokneprest Arild Steinsland, kantor Ingrid Furdal, kyrkjeverge Ottar Krakk og koordinator for «kidshouse» Inghild Hovland.

Årsmeldinga omhandlar ikkje Sveio soknehus og Gjenbruksløa.

Sveio soknehus er organisert i eiga verksemd og har eiga årsmelding for 2019.

Sveio Gjenbruksforretning / Gjenbruksløa er også organisert som eiga verksemd med eiga årsmelding for 2019.

Det vil bli orientert om Soknehuset og Gjenbruksløa som eigne saker under årsmøtet 8. mars 2020.

Sveio sokn har 3075 medlemmer og tilhøyrande med følgjande aldersfordeling:

| | |
|------------|--------------|
| 0 - 19 år | 883 personar |
| 20 - 29 år | 349 personar |
| 30 - 44 år | 589 personar |
| 46 - 64 år | 666 personar |
| 65+ | 588 personar |

Blant innbyggjarane i Sveio sokn er rundt 84 % medlemmer i Den norske Kyrkja.

Årsstatestikk for Den norske kyrkja 2019 viser at Sveio sokn har hatt 51 gudstenester med i gjennomsnitt 124 deltakarar. Av desse har 23 vore nattverdsgudstenester med i gjennomsnitt 44 nattverdsgjester. Det er ei auke med 31,6 % frå 2018.

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

Sveio sokneråd har hatt fylgjande samansetjing for perioden 2015 - 2019:

Bent Rune Sinnes, leiar 2019
Ragnhild Lysen, nestleiar 2019
Anne Vierdal,
Anne Gunn Bjørnevik,
Elise de Winter,
Else Berit Bøe,
Haldis Økland Lier,
Hildur Larsen,

Leiv Rossehaug,
Olav Haugen,
Runar Larsen, Permisjon.
Tone Berntsen Steinsvåg,
Gisle Sørhus, geistleg medlem.

Sveio sokneråd har fylgjande samansetjing for perioden oktober 2019 - 2023:

Bent Rune Sinnes, leiar 2020
Trond Widar Våga, nestleiar 2020
Anne Vierdal
Astrid Furdal
Elise de Winter
Haldis Økland Lier
Inger Skogland
Johannes Flatnes
Kristi Tveitaskog

Leiv Rossehaug
Lin Hege Enge
Runar Larsen. Permisjon.
Torhild Matre
Gisle Sørhus, geistleg medlem

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

B. Aktivitetsoversikt for barn og unge i Sveio sokn 2019.

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|-----------------|-------|--------|---------------------------|------------------------|---|--|--------------------------|
| Dåp | 23 | 17 | 93% | -7 prosentp oeng (pp.) | God oppslutning om dåp | Nå fram med informasjon om dåp, etter at kontoret ikkje får melding om barn av medlemer som blir fødde | |
| Babysang | 22 | 16 | 88% | -1pp. | Program, sosialt miljø, lokalet (ungdomsrom, soknehuet) | | |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|---|-------------|------------|---------------------------|--|--|--|--|
| «Krøllekveld» | 7 | 5 | 37,5% | Første gong | <p>Inviterer til gjensynstreff for Babysangarar og sang ilag med barnesangleiarar.</p> <p>Spela på kjende og kjære sangar og relasjonar. Forteljing om sauken som gjekk seg bort, jfr kjent sang frå Babysang Fungerte godt å leita etter sauken med barna. Kveldsmat og utdeling av toårsbok.</p> | | |
| Barnegudsteneste og familietreff | 2 3-åringar | 1 treåring | 9% | Endra målgruppe for invitasjonen. Inviterte og 4-åringar | Deltaking frå Barnesang. | Liten deltaking Når dei som går på Barnesang og nokre få andre. | Invitera treåringar gjennom brev. Stort sett barn som går på Barnesang som kjem. Inviterte ikkje toåringar i 2019. Dei blei inviterte til «Krøllekveld» i soknehuset i staden |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|--|---------------------|---------------------|---------------------------|--|---|--|--|
| Barnegudsteneste og familiedag | 20 mellom 3 og 8 år | 19 mellom 3 og 8 år | 13% | -4pp. | Barnesang med | Nå fleire | Invitera 3-åringar. 4-årsbok for barn fødte 1. halvår |
| 4-årsbok, gudsteneste | 13 | 11 | 69% | -2pp. | Å ha utdeling av 4-årsbok i barnegudsteneste | | |
| «Førsteklasses» Dåpsskule for 6-åringar | ---- | --- | --- | Ikkje dåpsskule i 2019 pga overgang til dåpsskule for 7-åringane | Borna er glade i å vera med. Innhald og aktivitet. Dåpsskulen like etter skuletid gir betre oppslutnad. | Nok medarbeidarar. Krev god vaksendekning. Av og til trøyte barn, og ein del uro. | Kreativ jakt på frivillige Gruppedeling i samling gir meir ro |
| 6-årsbok, gudsteneste | 11 | 11 | 40% | -23pp. | | Mindre oppslutning pga at de ikkje var dåpsskule for 6-åringar i 2019? Gudstenesta var ein del av programmet for dåpsskulen. | |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|--|-------|--------|---------------------------|-------------------|---|--|--|
| Aktivitetsdag 2. klasse | 21 | 19 | 70% | +10pp. | Å ha det på skulen sin planleggingsdag. Opplegget fungerer godt | Å skaffa nok medarbeidarar ved god oppslutning. | Kreativ jakt på friviljuge. |
| Tårnagenthelg | 16 | 7 | 40% | +24pp. | Innhald og opplegg Unge medarbeidarar frå leiarkurs Endringar i opplegg og organisering i forhold til det som skapte uro tidlegare år. Meir gruppedeling og venteoppgåver. | | Organisera annleis når gruppene blir stadig større. Meir gruppedeling |
| «På sporet av Jesus», uteteater, møte med bibelske personar | 0 | 8 | 16% | +12pp. | Opplegget fungerer godt. Gode forteljarar Området me brukar (Førde kyrkje-prestegardsstranda) Fornøgde deltakarar. Stigande oppslutning frå Sveio sokn. Flytta arrangementet til september igjen. | Ser at deltakarar oftast er med i eit kontinuerleg kyrkjeleg arbeid, som t.d. barnekoret eller fredagstreff på Bråtveit. Relevant å delta på eitt punkttiltak i året om dei ikkje er med i anna kristeleg arbeid??? | Meir og betre marknadsføring. Bruka tidlegare deltakarar som ambassadørar. Medieomtale |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|--|-------|--------|---------------------------|-------------------|--|---|--|
| Utdeling av Bibelen til 5.klasse i gudsteneste | 5 | 4 | 18% | -55pp. | | Oppslutnad om gudstenesta er låg. Konkurransse med hytteliv, skihelger og idrettsturneringar. Kommunisera betre at dei kan få Bibelen på kyrkjekontoret, på Tweensklubb eller anna. | Tydelegare kommunikasjon om alternative måtar å henta Bibelen. |
| Bursdagsfest for kyrkja (tema pinse). 5.-7. klasse Felles for sokna | 0 | 6 | | -12pp. | Pinsedrama spela av barn rekruttert frå Tweensklubben. Kontinuerleg arbeid betrar rekruttering til fasetiltak. Dekka festbord og bursdagsmeny fungerte godt. Aktivitatar som tweensklubbkveld | Auka deltakartal. | Bruka fjorårsdeltakarar som ambassadørar. PR via facebook, flygeblad og tidleg info i tweensklubb Arrangera festen ca annakvart år, og dei åra pinse ikkje er så seint. |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|---|-------|--------|---------------------------|-----------------------------|--|---|--|
| Lys Vaken 6.klassingar | 7 | 12 | 44% | -33pp. | Soknehuset fungerte svært godt til Lys Vaken. Unge leiarar gode i miljøet som aktivitetsleiarar og rollemodellar. Opplegg fungerer godt. | | |
| Påskecamp 6. og 7.klassingar | 4 | 5 | | Arranger t for første gong. | Program, innhald og leirplass, Vigdarheim, fungerte svært godt. Unge leiarar som medarbeidarar gjer ein god jobb. | Leiren var frå skjærtorsdag til langfredag. Mange på påskeferie då. | Leggja leiren til kvardagar i den stille veka. |
| Tweensklubb 5.-7. klasse | 26 | 27 | | | Ein base av barn/unge som har funne seg godt tilrette og kjem igjen. Opplegg med samling, quiz, kiosk og ulike aktivitetar ser ut til å fungera godt. | | |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|--------------------|-------|--------|---------------------------|---------------------|---|---|---|
| Aspirantkor | 1 | 15 | | Stabilt medlemstal | Godt miljø Foreldre er ofte tilstades på øvingane. Resultatet og framdrifta fram mot dei ulike opptrinna | Rekruttering frå 1. og 2. årstrinn. Kontinuerleg arbeid med miljø og utvikling | Arbeide aktivt og målretta med borna og ha god kontakt med føresette. |
| Barnekor | 1 | 16 | | Stabilt medlems tal | Rekruttering. Fin dynamikk og framdrift i gruppa. Ei stor gruppe 8. klassingar gjekk ut av barnekoret og over i Vokalgruppa. Svært godt frammøte på øvingane. Engasjerte foreldre. | Kontinuerleg arbeid med miljø og utvikling | Arbeide aktivt og målretta med borna og ha god kontakt med føresette. |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|---|-------|--------|---------------------------|--|---|---|---|
| Vokalgruppe | 2 | 15 | | Gruppa er meir etablert. | Engasjerte ungdommar med songleg erfaring og ynskje om vidare utvikling. Alle tidlegare barnekorsongarar. | Finne øvingstider som passar for alle. | Avtale fra veke til veke. Vi øver for det meste torsdag kveld og i forkant av optrinna. |
| Integrere muskarar og etablerte kor i gudstenestelivet | | | | | Unge korpsmusikantar Forsongarar på høgtidsdagar og andre merkedagar. | Meir variasjon i utøvarar Økonomi | Planlegging og økonomisk handlingsrom |
| Førkarneval | - | - | - | - Blei ikkje arrangert i 2019 på grunn av sjukdom | Opplegget er på plass. God forkynnelse. Gode medhjelpere. Ungdommer gjør en god jobb. | Medhjelpere må rekrutteres på nytt hvert år. Opplegget har en begrensing på 30 deltagere. | Noe kan løses med å utvide opplegget, og inkludere foreldre i barnepass. |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|--------------|-------|--------|---------------------------|--|--------------------|------------------|--------------------------|
| Friluftsløir | - | - | - | - Avlyst pga få påmelde og dårlege vermeldingar | | | |

| | | | | | | | |
|--------------|----|----|------|-------|---|---|--|
| Konfirmasjon | 19 | 21 | 100% | + 6pp | God deltaking. Effektiv ressursbruk. Høve til å velge ulike alternativ for konfirmantane. | Etter flere år med få deltakarar til innebandygruppe ble den endret til en variert aktivitetsgruppe. Høgt oppmøte, men ny utfordring i å lage et nytt opplegg. | Kreativt arbeid, idèstorming med konfirmantar, prøve og feile. |
|--------------|----|----|------|-------|---|---|--|

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysest? |
|---|-------|--------|---------------------------|-------------------|--|---|--|
| <p>Møteplassen – nytt navn : Fredagschill</p> <p>Nytt namn: Kyrkjechill</p> | 5 | 5 | 10% | | <p><i>Eget rom å vera i. Utstyr til kiosk. Ungdommar har meldt seg som leiarar. Ungdom treng eit rom for å prate om tru. Dei har mange spørsmål og utfordringar.</i></p> | <p><i>Variierende og lavt oppmøte, veit ikkje kor mange det må lagast opplegg for. Mykje gjennomtrekk. Meir 8. kasse enn elevar frå vidaregåande.</i></p> | <p><i>PR må bli betre:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Eiga facebookside</i> - <i>Tidleg informasjon om datoar</i> <p><i>Jobbe med å bygge opp ei fast stamme.</i></p> |
| MILK-kurs | 1 | 7 | 21% | +7pp. | <p>Positiv gjeng. Helt nødvendig for å få gjennomført trusopplæringsplanen</p> | <p>Skaffe deltakarar. Desse må vidare bli fulgt opp og få prøve seg som leiarar med nye oppgaver.</p> | <p>Ungdommane får rettleiing. Dei må bli sett av kyrkjelyden og få skryt. Vi må tåle at ikkje alt fungerer like godt når dei prøver seg.</p> |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysest? |
|-----------------|-------|--------|---------------------------|-------------------|---|--|--|
| LIV-kurs, LIV 1 | - | 4 | | Stabilt | Mange ivrige og flinke ungdommar. Kyrkjelyden er heilt avhengig av desse leiarane for å få trusopplæringstiltak gjennomførte. | Kvart år må det skaffast nye deltakarar. Desse må bli følgde opp og få prøve seg som leiarar. | Ungdommen får rettleiing. Dei må bli sett av kyrkjelyden og få skryt. Vi må tåle at ikkje alt fungerer like godt når dei prøver seg. |
| Sveising | 4 | 10 | | | <i>God stemning i gruppa. Sosial gjeng.</i> | <i>Band krev mykje oppfølging. Bør vera to vaksne tilstades.</i> | <i>Få inn ein friviljug som gjerne har musikalsk kompetanse</i> |
| Kidshouse | | | 100 - 220 | | Kidshouse er organisert som ein forening med eige styre. Opplegget er utvikla over mange år. To som koordinerer kidshouse. God hjelp i ungdommar som er med i klatrevegg og diskotek. Frivillige foreldre som blir rekruttert via facebook. | Ungdommar med klatrekompetanse fremover. Rekruttering av min.12 vaksne til kvar Kidshouse-kveld. Dette blir gjort hovudsakleg via facebook og sms. Få nye koordinatører til kidshouse. | Fleire i koordinatorgruppa som kan ta ansvar for planlegging av kidshouse-kveldane. |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Aktivitet: | gutar | jenter | Samla andel alders gruppa | Endring frå 2018? | Kva fungerer godt? | Utfordringar nå? | Korleis kan dei løysast? |
|--|-------|--------|---------------------------|--|---|------------------|--------------------------|
| BRIK (Brettspel i kyrkja) Ungdommar | 5 | 3 | | | Samlast i soknehuset for å spela brettspel. Når det passar. Viktig tiltak for å lage låg terskel inn til soknehus og kyrkjelyd. | | |
| Drømmesommer | | | | Gisle hadde ikke ressurser til å være med i 2019. Usikker på om det ble forstått som et samarbeid eller frivilighets sentralens alene. | Ungdommer fra kyrkja var med som ledere. | | |

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

C. Økonomi

Sveio sokn sin driftsrekneskap for 2019 kjem ut med eit overskot på kr. 13349,-.

Overskotet vert lagt til disposisjonsfondet til Sveio sokneråd. Det utgjer ved årsslutt kr. 233065,-

Kyrkjeoffer i Sveio kyrkje i 2019 utgjer kr 165.731,- Av desse gjekk kr 58.495,- til kyrkjelydsarbeidet lokalt, barnekor, konfirmantarbeid med vidare.

Eksterne kyrkjeoffer, (inkludert fasteaksjonen) i 2019 utgjorde 65 % av dei totale kyrkjeoffer.

Økonomien for Sveio sokn blir vurdert som god. Det var planlagt aktivitetar i 2019 som kunne gje større utgifter men det vart likevel eit mindre overskot i 2019. Regnskapet for Sveio sokn vart godkjent i Sveio sokneråd 12.02.20. Regnskapet følger vedlagt Årsmeldinga.

Drifta av soknehuset skjer i regi av Sveio sokn og Valestrand/Førde sokn gjennom Sveio soknehus som eiga juridisk verksemd med sjølvstendig rekneskap. For 2019 hadde drifta av soknehuset eit mindre underskot på med kr 26597,- Dette var venta då det vart nytta midlar frå ei ekstraordinær gåve som vart mottatt frå Sp.Vest i 2018 på kr 50.000 til m.a. utsmykking og utvendig skilt.

D. Kommenterar

Sveio sokneråd gler seg over at det er stor oppslutnad om gudstenestene i Sveio sokn og at dei fleste medlemmene i kyrkja let borna sine bli døypte. Det er gledeleg med over 30 % auke i deltaking ved nattverd.

Oversikt over aktivitetar speglar tiltak for barn og unge i Sveio sokn. Plan for Trusopplæring i Sveio sokn, kordrift, kyrkjemusikktenesta og kidshouse er dei berande tiltaka. Oversikta syner kva som fungerer godt, dei tiltaka som har utfordringar og forslag til korleis dette kan løysast.

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

Soknerådet har etablert eige utval for kultur – og kyrkjemusikk. Utvalet er i prosessen med å utvikle eigen plan for kultur- og kyrkjemusikk i Sveio sokn.

Diakoni omfattar kyrkjelyden si omsorg- og felleskapsbyggjande teneste. Dette blir utøvd i organiserte og uorganiserte former i Sveio sokn. Eit døme er dugnaden på Gjenbruksløa som er avgjerande for at vi har Soknehuset. Andre døme er teneste som medarbeidar i trusopplæringa, teneste som klokkar, kyrkjevert, deltaking i gjennomføringa av Juletreffesten, strikkeklubb, råd og utval. Kidshouse og Drømmesommer er også mellom kyrkjelyden sine diakonale tiltak. Soknerådet har etablert eiga utval for diakoni i Sveio sokn. Utvalet er i prosessen med å utvikle eigen plan for diakoni i Sveio sokn.

Soknerådet er og i ein planprosess for å tydeliggjera eit overordna måldokument for Sveio sokn. Kyrkja har ei viktig rolle i bygda. Dette stadfestes ved Barnekora sine konsertar, oppslutninga om konfirmasjonen, kyrkjelyden sin julekonsert. Soknerådet har delteke med høyringar til planprosessen for etablering av Badeanlegg i Sveio sentrum. Verdsdagen for psykisk helse ble ikkje gjennomført i 2019. Besøka på SOS er godt innarbeida med samtalar og andakt.

E. Avslutning

Soknerådet vil retta ei stor takk til tilsette og friviljuge medarbeidarar for samarbeid og teneste på ulikt vis i kyrkjelyden !

Sveio, 12. februar 2020

Bent Rune Sinnes/s/

leiar

vedlegg : Godkjent rekneskap for Sveio sokn 2019

Årsmeldinga for Sveio sokn 2019

| Sveio Sokn - Soknerådet | | | | | |
|--------------------------------------|--|-------------------|-------------------|-----------|--|
| Rekneskap 2019 | | | | | |
| Godkjent 12.02.20 | | | | | |
| | Regnskap | Buds(end) | Avvik(per.) | Regnskap | |
| | 2019 | 2019 | 0 | 2018 | |
| Ansvar: | 57510 ADMINISTRASJON | | | | |
| 11106 | MAT M.M. | 2283 | 3000 | -717 | 2128 Juletreffest |
| 11200 | ANNA FORBRUKSMATERIELL | 332 | 2000 | -1668 | 0 |
| 11206 | GÅVER | 0 | 1000 | -1000 | 0 |
| 11400 | ANNONSER / REKLAME | 0 | 1500 | -1500 | 1694 |
| 11500 | OPPLÆRING, KURS, LEIR OG FESTIVALAR | 0 | 4500 | -4500 | 0 |
| 11950 | AVGIFTER, GEBYRER, LISENSAR | 0 | 0 | 0 | 1 |
| 12700 | KONSULENTTENESTER | 20000 | 30000 | -10000 | 0 Ole Paus konsert, konf og post 16108 |
| 14290 | MVA-KOMP. DRIFT | 83 | 500 | -417 | 212 |
| 14650 | OVERFØRING TIL ANDRE | 107286 | 115000 | -7714 | 127880 Offer eksterne |
| 14800 | OVERFØRING TIL EIGNE SÆRBEDRIFTER | 50889 | 31000 | 19889 | 40449 Offer til Trusopplæring, kyrkjemusikk, konfirmantar, diakoni mv |
| 14900 | RESERVEVERTE LØYVINGAR | 0 | 10000 | -10000 | 0 |
| 15400 | AVSETJING TIL DISPOSISJONSFOND | 13349 | 0 | 13349 | 22692 "Overskot" |
| 15900 | AVSKRIVNINGAR | 214375 | 215000 | -625 | 214375 Soknehus 2/3 |
| 16108 | INNGONGSPENGER/BILLETTAR | -16909 | -2000 | -14909 | -2846 Ole Paus |
| 16200 | SAL | -600 | 0 | -600 | -6357 Bøker |
| 16201 | GEBYRINNTEKTER | -3000 | -3000 | 0 | -3585 Gebyr Offer |
| 17290 | MVA-KOMP. DRIFT INNTEKT | -83 | -500 | 417 | -212 |
| 17700 | REFUSJON FRÅ ANDRE | -1649 | 0 | -1649 | 0 Juletreffest |
| 18600 | OFFER EIGE ARBEID | -58495 | -45000 | -13495 | -51248 Offer til Trusopplæring, kyrkjemusikk, konfirmantar, diakoni mv |
| 18650 | OFFER EKSTERNE | -107236 | -115000 | 7764 | -128022 Offer eksterne |
| 19000 | RENTEINNTEKTER | -6250 | -2500 | -3750 | -2786 |
| 19400 | BRUK AV UBUNDNE FOND | 0 | -30500 | 30500 | 0 |
| 19900 | MOTPOST AVSKRIVNINGAR | -214375 | -215000 | 625 | -214375 Soknehus 2/3 |
| | Sum ansvar: 57510 ADMINISTRASJON | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | TOTALT | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Merknadar: | 1. Det vart garantert for inntil 20000,- for konsert med Ole Paus Nettoutgift vart kr. 3435,- | | | | |
| | 2. Avskrivningar (Sveio soknehus), post 15900, jf motpost 19900 har ingen betydning for "resultatet" | | | | |
| Eigenkapital/disposisjonsfond | 31.12.2019 | | 31.12.2018 | | |
| | Sveio sokneråd | 233.065,48 | | 219716,31 | |
| | Sveio Soknehus (Felles for sokna) | 66450,58 | | 93047,93 | |